

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 27.03.2012
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom: Ytterøyane (Samfunnshuset).
Møtenr.: 4/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Ordførar (sak024/12), Rådmannen (sak 25 - 26/12).

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 022/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 023/12 Skriv og meldingar.
- 024/12 Orientering om strategiar og utfordringar v/ordførar.
- 025/12 Orientering om skatteoppkrevjarfunksjonen v/rådmannen.
- 026/12 Orientering om tilsettingstilhøve v/rådmannen. **(Ikkje offentleg)**.
- 027/12 Vurdering bystyresak 033/12 Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune.
- 028/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
- 029/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Flora.
- 030/12 Eventuelt.

Flora, 20.03.2012.

Bjarne Holme (s)
Leiar



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

022/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	022/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

023/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.03.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	023/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 20-12 Vedtak bystyresak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.
- SM 21-12 Vedtak bystyresak 029/12 Revisjonsrapport 027/11 – Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.
- SM 22-12 Vedtak bystyresak 028/12 Revisjonsrapport 026/11 – Søkelys på indre kontrollrutinar – Flora omsogssenter.
- SM 23-12 Vedtak bystyresak 031/12 Sluttrapport prosjekt 78606 Asfaltering.
- SM 24-12 Kopi av brev frå kontrollutvalet til Flora kommune om Godtgjersle for folkevalde – relgement, datert 07.03.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Saksgang
Bystyret

Møtedato
13.03.2012

Saksnr
030/12

Sakshandsamar:
Terje Heggheim

Arkiv: K1-026, K2-M70 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/777

RAPPORT OM EIGARSKAPSKONTROLL - ALARMSENTRALEN I SOGN OG FJORDANE IKS - FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Rapport frå SEKOM-sekretariatet om eigarskapskontroll ved Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teken til vitande og punkta frå Kontrollutvalet om å utarbeide eigarskapsmelding vert følgd opp.

13.03.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Repr.Frank Willy Djuvik,FRP tok opp kontrollutvalet si tilråding.

Repr.Odd Bovim,V gjorde framlegg om å utsette saka.

Repr.Gustav Johan Nydal,KRF bad om at gruppeleiarane kunne ta eit kort møte å sjå på eit evt. fellesframlegg.

Bovim trakk sitt framlegg.

Etter eit kort gruppeleiar møte trakk Djuvik sitt framlegg og Repr.Gustad Johan Nydal,KRF la fram slikt fellesframlegg:

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

BYST-030/12 VEDTAK:

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Terje Heggheim
Rådmann

Vedlegg: 056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.



Saksgang
Bystyret

Møtedato
13.03.2012

Saksnr
029/12

Sakshandsamar:
Terje Heggheim

Arkiv: K1-601, K1-216, **Arkivsaknr**
K3-&40 11/920

Objekt:

REVISJONSRAPPORT 027/11 - ANSKAFFELSAR OG PROSJEKTSTYRING I FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Revisjonsrapport frå Sekom-sekretariatet og Kryss-revisjon om anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.

13.03.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Frank Willy Djuvik,FRP:

1. Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følgje tilrådingane i rapporten.
 - a) Flora kommune må sikre at regelverket for offentlege anskaffelsar bnlir følgt. Dette gjeld spesielt rettsreglane som konkurranseeksponering.
 - b) Flora kommune må syte for at interne rutinar for prosjektgjennomføring blir følgt av tilsette, og at rutinane er i samsvar med beste praksis på området.
 - c) Flora kommune bør vurdere om noverande ordlyd i eksisterande prosjektstyringshandbok er hensiktsmessig og tilstrekkelig, og om noverande rapporteringsrutinar er hensiktsmessige og tilstrekkelige.

Røysting:

Framlegget frå Djuvik,FRP vart samrøystes vedteke.

BYST-029/12 VEDTAK:

1. Revisjonsrapporten om anskaffelsar og prosjektstyring vert teken til vitande slik den ligg føre.
2. Bystyret ber administrasjonen følgje tilrådingane i rapporten.
 - a) Flora kommune må sikre at regelverket for offentlege anskaffelsar blir følgt. Dette gjeld spesielt rettsreglane som konkurranseeksponering.
 - b) Flora kommune må syte for at interne rutinar for prosjektgjennomføring blir følgt av tilsette, og at rutiane er i samsvar med beste praksis på området.
 - c) Flora kommune bør vurdere om noverande ordlyd i eksisterande prosjektstyringshandbok er hensiktsmessig og tilstrekkelig, og om noverande rapporteringsrutinar er hensiktsmessige og tilstrekkelige.

Terje Heggheim
Rådmann



Saksgang
Bystyret

Møtedato
13.03.2012

Saksnr
028/12

Sakshandsamar:
Terje Heggheim

Arkiv: K1-230, K2-H01
Objekt:

Arkivsaknr
11/175

REVISJONSRAPPORT 026/11 - SØKELYS PÅ INDRE KONTROLLRUTINER - FLORA OMSORGSSENTER

Kva saka gjeld:

Revisjonsrapport som gjeld indre kontrollrutiner i samband med tildeling av plass, fastsetting, avrekning og innkreving av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie ved Flora omsorgssenter.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Revisjonsrapporten frå KRYSS-revisjon vert teken til vitande slik den ligg føre.

13.03.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-028/12 VEDTAK:

Revisjonsrapporten frå KRYSS-revisjon vert teken til vitande slik den ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

21.02.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-016/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

13.03.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-031/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	14.12.2011	043/11
Formannskapet	17.01.2012	006/12
Kontrollutvalet	19.01.2012	
Formannskapet	21.02.2012	016/12
Bystyret	13.03.2012	031/12

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K2-Q04 Arkivsaknr
11/1859

SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78606 ASFALTERING

Kva saka gjeld:

Asfaltering av fylgjande vegar:

- Hans Blomgate
- Sørheimvegen
- Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- Sørstrandvegen
- Vangsvegen
- Veg i Standal
- Lyngvegen
- Svanheimsvegen

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

14.12.2011 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PRKO-043/11 VEDTAK:

1. Sluttrapport og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruket på kr. 5.835,28 vert overført til prosjekt 78631 "asfaltering 2011"

17.01.2012 FORMANNSKAPET

FORM-006/12 VEDTAK:

Saka vart trekt då den ikkje har vore handsama i kontrollutvalet.

Innleiing:

Det vart i plan og miljøutvalet den 2.6.2009 sak 013/09 vedtatt å utføre asfaltering innanfor ei kostnadsramme på 1 mill. kroner på fylgjande vegar i prioritert rekkefylgje:

- Hans Blomgate
- Sørheimvegen
- Havrenesvegen, sideveg til Efinor Jobbhotell AS
- Sørstrandvegen
- Vangsvegen
- Veg i Standal
- Lyngvegen
- Svanheimsvegen

Etter utlysing i Doffinbasen var det ein som meldte seg om å få utlevert konkurransegrunnlaget, Kolo Veidekke AS.

Hjellnes Consult Florø AS utførte kontroll av anbodet og utarbeidde anbodsinnstilling til Flora Kommune.

I prosjektkomiteen den 1.7.2009 sak 021/09 vart det vedteke at Kolo Veidekke vart tildelt entreprise på asfaltering.

Vurdering:

Prosjektet vart ferdigstilt i 2009, med eit mindreforbruk på kr. 5.835,28

Økonomiske konsekvensar:

Det vart i plan og miljøutvalet den 2.6.2009 sak 013/09 vedtatt å utføre asfaltering på ei rekke gater i Flora Kommune, innanfor ei kostnadsramme på 1. mill. kroner

I budsjett 2010 Bystyresak 169/09 den 15.12.2009 vart det løyvd ytterligere kr. 130.000,- til prosjekt 78606 Asfaltering.

Godkjent budsjett for prosjektet var på til saman kr. 1.130.000,-.

Dei totale kostnadane på prosjektet var på kr. 1.124.167,72.

Prosjektet hadde eit mindreforbruk på kr. 5.835,28.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	14.11.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport prosjekt 78606 Asfaltering	
2	I	18.11.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - Sluttrapport/-rekneskap for Prosjekt 78606 Asfaltering	
4	I	04.01.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 78606 - Asfaltering	
5	I	20.01.2012	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalsak 009/12 Prosjektrekneskap og sluttrapport - Prosjekt nr 78606 Asfaltering	
			Plan-og miljøutvalet	Sak 013/09	
			Prosjektkomiteen	Sak 021/09	

Utskrift til:

- Kryss Revisjon
- Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Nausdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 07.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 129/12

Arkiv: Flora

GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE - REGLEMENT


Kontrollutvalet i Flora fekk i møte 28.02.2012 lagt fram brev om Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste. Brevet var stila både til kontrollutvalet og til Flora kommune. Kontrollutvalet tok opp sak på generelt grunnlag som følgje av brevet. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 019/12 «Godtgjersle for folkevalte»:

- *Kontrollutvalet viser til brev om Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste av 22. januar 2012.*
- *Kontrollutvalet vurderer det slik at dagens reglement i enkelte tilfelle ikkje er godt nok til å fastsetje kva som er rett godtgjersle for tapt arbeidsforteneste.*
- *Kontrollutvalet ber rådmannen om snarast å leggje fram sak om nytt reglement for godtgjersle for folkevalde med klare retningsliner for dei ulike typar godtgjersle for folkevalte, og slik at det er mogeleg å kontrollere dei ulike utbetalingane mot reglementet.*
- *Kontrollutvalet tilrår at utbetaling i ikkje kontrollerbare tilhøve inntil vidare vert stansa.*

Vi viser til vedtaket, og ber administrasjonen handtere saka vidare.

For kontrollutvalet

Asgeir Tveit



Kopi KRYSS-revisjon

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

024/12 ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	024/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til ordførar i Flora kommune om Orientering v/ordførar, datert 15.12.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 080/11 Eventuelt..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM STRATEGIAR OG UTFORDRINGAR V/ORDFØRAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Ordførar i Flora kommune orienterer om strategiar og utfordringar i høve til at Flora kommune er registrert som ROBEEK-kommune.

Saksopplysningar:

Under møtet i kontrollutvalet 08.12.2011 under sak 030/11 Eventuelt gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Ordførar vert kalla inn til neste møte for å orientere om Flora kommune sine strategiar og utfordringar, bl.a. i høve til at Flora kommune er ein ROBEEK-kommune.*

15.12.2011 er det sendt brev til ordførar i Flora kommune om at han vil bli kalla inn til møtet 19. januar 2012 for å orientere slik det går fram av vedtaket til kontrollutvalet.

Orienteringa har ved to høve blitt utsett.

Sekretariatet sine vurderingar.

519/11

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 15. desember 2011 11:03
Til: 'Solheim-Olsen Bengt (bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no)'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'
Emne: Kontrollutvalsmøte 19.01.2011 - Orientering v/ordfører

I kontrollutvalsmøte 08.12.2011 under sak 080/11 "Eventuelt" gjorde kontrollutvalet vedtak om at dei ynskjer at Ordførar vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om strategiane og utfordringane til Flora kommune, bl.a. i høve til at Flora kommune er registrert som ROB&EK-kommune.

Vi gjer med dette merksame på at de vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ovanfor ståande.

Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 19. januar 2012. Møteinnkalling vert sendt omtrent ei veke før møtet.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er ein kommunale sekretariat i Flora kommune, E.M. Fjellheim, Flora. Funksjon: Sekretariat, administrasjon, økonomi, økonomisk rådgivning, informasjon, kontakt med borgarar.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10

025/12 ORIENTERING SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune om Informasjon kemnaren Flora kommune, datert 07.03.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 018/12 Orientering ved rådmannen om skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om skatteoppkrevjarfunksjonen.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Flora fekk i møte 28.02.2012 lagt fram Årsrapport for 2011 frå Kemnaren i Flora kommune. Rapporten vart lagt fram som SM 16-12 i sak 011/12 Skriv og meldingar. Kontrollutvalet oppretta sak på grunnlag av rapporten, og gjorde følgjande vedtak i sak 018/12 Orientering ved rådmannen om skatteoppkrevjarfunksjonen: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen.*

Det er sendt brev til Flora kommune 7.3.12 der rådmannen er kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen generelt og for å gje nærare orientering om det som kjem fram i årsrapport for 2011.

Rådmannen møter for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen.

Sekretariatet sine vurderingar.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 07.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 128/12


Arkiv: Flora

INFORMASJON KEMNAREN FLORA KOMMUNE

Kontrollutvalet i Flora fekk i møte 28.02.2012 lagt fram Årsrapport for 2011 frå Kemnaren i Flora kommune. Rapporten vart lagt fram som SM 16-12 i sak 011/12 Skriv og meldingar. Kontrollutvalet oppretta sak på grunnlag av rapporten, og gjorde følgjande vedtak i sak 018/12 Orientering ved rådmannen om skatteoppkrevjarfunksjonen: *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen.*

Etter dette vert rådmannen kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen generelt og for å gje nærare orientering om det som kjem fram i årsrapport for 2011. Neste møte i kontrollutvalet i Flora er tidfesta til 27.03.2012. Det vert sendt møteinnkalling på vanleg måte omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

**027/12 VURDERING KOMMUNESTYRESAK 033/12 HOVUDAVTALE
OG DELAVTALAR MELLOM KROKANE BYDELSUTVAL OG
FLORA KOMMUNE**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	027/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Bystyresak 033/12 Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune.
- Utkast til avtalar. (Vert ettersendt).
- E-post frå Sekom-sekretariat til Flora kommune, datert 19.03.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

**VURDERING BYSTYRESAK 033/12 HOVUDAVTALE OG
DELAVTALAR MELLOM KROKANE BYDELSUTVAL OG FLORA
KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Vurdering av om ein skal sjå nærare på sak lagt fram for bystyret

Saksopplysningar:

Kontrollutvalsleiar har bede om at saka vert sett på sakskartet.

Saksutgreiing og vedtak i sak 033/12 Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune er henta inn. Sekom-sekretariat har i e-post til Flora kommune 19.3.2012 bede om å få oversendt utkast til avtaler.

Det vert vist til saksutgreiinga til bystyret.

Saka vert å diskutere i møtet for evt. vidare handtering.

Sekretariatet sine vurderingar.

Tveit Asgeir


Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 19. mars 2012 13:19
Til: 'postmottak@flora.kommune.no'
Kopi: 'gunnar.froland@flora.kommune.no'; 'terje.heggheim@flora.kommune.no'; 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'
Emne: Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune

Kontrollutvalet i Flora vurderer å sjå nærare på bystyresak 033/12 Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune. Vi ber i den samanheng om å få oversendt utkastet til avtalane i saka.

Vi ber om å få avtalane omgåande då kontrollutvalet har møte 27.03.12 og vi må ha ut innkalling i morgon 19.03.2012.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Twitter: @sgrtv

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Faks: 57 72 20 10



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	06.03.2012	027/12
Bystyret	13.03.2012	033/12

Sakshandsamar: Gunnar Frøland	Arkiv: K1-614, K1-255, K1-033, K2-U03	Arkivsaknr 12/449
	Objekt:	

HOVEDAVTALE OG DELAVTALAR MELLOM KROKANE BYDELSUTVAL OG FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Krokane Bydelsutval ynskjer å overføre ansvaret for drift av Krokane Fritidsheim til Flora kommune. Dei ynskjer og å overføre aksjane i Krokane Næstenester AS til Flora kommune og aksjane i Sunnfjord Drift AS til Krokane Næstenester AS. I tillegg ynskjer dei å overføre lokaler i underetasje på Krokane skule til Flora kommune. For å få til dette har Krokane Bydelsutval utarbeidd ein hovudavtale og 3 delavtalar mellom Krokane Bydelsutval og Flora kommune.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora kommune godkjenner hovudavtale mellom Krokane Bydelsutval og Flora kommune
2. Flora kommune godkjenner delavtale1: Verksemdsoverdraging Krokane Fritidsheim.
3. Flora kommune godkjenner delavtale 2: Overdraging av aksjar i Krokane Næstenester AS og Sunnfjord Drift AS.
4. Flora kommune godkjenner delavtale 3: Overdraging av lokale i underetasje Krokane skule frå Krokane Bydelsutval til Flora kommune.
5. Ordførar får fullmakt til å underskrive avtalane når desse formelt er godkjende i kompetent organ i Krokane Bydelsutval.

06.03.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-027/12 VEDTAK:

1. Flora kommune godkjenner hovudavtale mellom Krokane Bydelsutval og Flora kommune
2. Flora kommune godkjenner delavtale1: Verksemdsoverdraging Krokane Fritidsheim.

3. Flora kommune godkjenner delavtale 2: Overdraging av aksjar i Krokane Nærtenester AS og Sunnfjord Drift AS.
4. Flora kommune godkjenner delavtale 3: Overdraging av lokale i underetasje Krokane skule frå Krokane Bydelsutval til Flora kommune.
5. Ordførar får fullmakt til å underskrive avtalane når desse formelt er godkjende i kompetent organ i Krokane Bydelsutval.

13.03.2012 BYSTYRET

Repr.Hanne Husebø Kristensen,H gjekk frå som ugild i denne saka, då ho er styremedlem i Krokane Nærtenester. Repr. Bjørn Hollevik,H møtte.

Repr.Vidar Grønnevik,H gjekk og frå som ugild i denne saka, då han er styreleiar i Sunnfjord Drift. (34 repr.)

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Frank Willy Djuvik,FRP:

Saka vert utsett.

Repr.Bjørn Hollevik,H ber om gruppemøte.

Røysting:

Saka vart vedteken utsett mot ei røyst. (KRF)

BYST-033/12 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Terje Heggheim
rådmann

Gunnar Frøland
kommunalsjef

Innleiing:

Krokane Bydelsutval eig i dag 70% av aksjane i Sunnfjord Drift AS og 33% av aksjane i Krokane Nærtenester AS. I tillegg driftar bydelsutvalet Krokane Fritidsheim.

Krokane Bydelsutval ynskjer no å avslutte si rolle som eigar i selskapa Krokane Nærtenester AS og Sunnfjord Drift AS. Bydelsutvalet ynskjer og å avslutte si rolle som arbeidsgjevar og driftsansvarleg for Krokane Fritidsheim.

Grunngjevinga for denne endringa er i Krokane Bydelsutval sitt dokument Omstilling 2011 blant anna uttalt slik:

- *" Sett i høve Krokane Bydelsutval er situasjonen knytt til drift av SFO over tid blitt usikker. Skuledagen for dei aktuelle årskulla blir lengre og timane barna er i SFO færre. For dei tilsette blir stillingane mindre."*
- *"Ein kan og slå fast at engasjementet til folk flest i bydelen for å skape gode nærmiljøarenaer og nytte tid til frivillig arbeid ikkje er tilfredstillande..."*
- *"NAV Sogn og Fjordane har signalisert at dei ynskjer at Flora kommune skal stå som eigar av VTA bedrifta."*

Bydelsutvalet har arbeidd med endring av rolla til utvalet i 2011/ 2012 og kjem no med eit framlegg til avtalar med Flora kommune for å få til denne endringa.

Avtalane er delt inn i ein hovudavtale og 3 delavtalar.

Delavtale 1 : Verksemdsoverdraging Krokane Fritidsheim.

I denne avtalen vert det foreslått at Flora kommune overtek verksemda Krokane Fritidsheim frå 15.08.2012.. Flora kommune overtek og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Krokane Fritidsheim/Krokane Bydelsutval.

Opptak til fritidsheimen for driftsåret 2012-13 vert gjort av Flora kommune.

Delavtale 2: Overdraging av aksjar i Krokane Nærtenester AS og Sunnfjord Drift AS

Det vert her foreslått at Krokane Bydelsutval skal overføre sine aksjar i Krokane Nærtenester AS vederlagsfritt til Flora kommune.. Det inneber at Flora kommune då får 100% av aksjane i Krokane Nærtenester AS.

Det vert og foreslått at Krokane Bydelsutval skal overføre sine aksjar i Sunnfjord Drift AS til Krokane Nærtenester AS. Det inneber at Krokane Nærtenester AS har 100% av aksjane i Sunnfjord Drift AS.

Overdragingstidspunkt er sett til februar 2013 i samband med generalforsamling i Krokane Bydelsutval.

Delavtale 3: Overdraging av lokale i underetasje Krokane skule frå Krokane Bydelsutval til Flora kommune.

Denne avtalen omhandlar overdraging av verkstadlokale, kontor, 2 garderober, 2 toalett, kantine og innreia diskotek til Flora kommune vederlagsfritt.

Overdragingstidspunkt fell saman med tidspunkt for overdraging av aksjar i Krokane Nærtenester AS og Sunnfjord Drift AS.

Vurdering:

Generelt om forslaget til endring i avtalar.

Krokane Bydelsutval har vore eit aktivt bydelsutval i Flora kommune over lang tid og drifra mange positive tiltak for innbyggjarane i området. Endringar innanfor skule, arbeidsmarknadsbedrifter og engasjement i frivillig arbeid gjer til at bydelsutvalet no ynskjer å revurdere si rolle og tilpasse den til desse endringane.

Ein vurderer det som positivt at bydelsutvalet aktivt tek initiativ til justeringar i si rolle når samfunnsendringar over tid gjer det tenleg. Samtidig er det viktig at Krokane Bydelsutval etter endringane kan finne ei ny rolle som er tenleg for innbyggjarane i bydelen.

Delavtale 1 : Verksemdsoverdraging Krokane Fritidsheim.

Krokane Bydelsutval ynskjer at Flora kommune skal overta verksemda Krokane Fritidsheim frå skuleåret 2012-13. Ei slik overdraging inneber at kommunen får ansvar for personell, inntak av barn, lokaler og dagleg drift elles. I praksis vil Krokane Fritidsheim då bli eit SFO-tilbod drifra av Krokane skule.

Krokane skule er positiv til ei slik løysing og ser det som tenleg med samdrift av skule og sfo-aktivitetar. Skulen vil då blant anna kunne vurdere personalbruk og bruk av lokaler samla for begge aktivitetsområda..

Krokane Fritidsheim er med i den driftsforma som Krokane Bydelsutval har hatt ein aktivitet i balanse økonomisk. Det inneber at kommunale midlar og foreldrebetaling har dekkja driftskostnadane for tiltaket. Dersom Flora kommune si drift ligg på same nivå, synes det såleis ikkje å vere økonomiske nettokostnader for kommunen ved å overta verksemda.

Rådmannen vil på dette grunnlag rå til at Flora kommune inngår avtale med Krokane Bydelsutval om verksemdsoverdraging for Krokane Fritidsheim frå 15.08.2012.

Delavtale 2: Overdraging av aksjar i Krokane Nærtjenester AS og Sunnfjord Drift AS

Denne avtalen inneber at Flora kommune får 100% av aksjane i Krokane Nærtjenester AS som igjen eig 100% av aksjane i Sunnfjord Drift AS. Aksjane vert overdratt til kommunen vederlagsfritt. Avtalen vil gjelde frå det tidspunkt Krokane Bydelsutval har generalforsamling i februar 2013.

Rådmannen vurderer dette som ei tenleg ordning for Flora kommune, då ein med dette får full styring over aktivitetane i desse 2 selskapa. Dette stemmer godt med kommunen sitt handlingsprogram der styring, samhandling og utvikling av arbeidsarenaer for utsette grupper har fokus.

Rådmannen vil derfor tilrå at Flora kommune godkjenner avtalen.

Delavtale 3: Overdraging av lokale i underetasje Krokane skule frå Krokane Bydelsutval til Flora kommune.

Avtalen inneber at Flora kommune overtar lokaler i underetasje på Krokane skule vederlagsfritt. Flora kommune eig frå før lokala som Krokane Fritidsheim brukar i same etasje.

Rådmannen meiner at dette er ei god avtale for Flora kommune. Lokala som vert overdratt er opparbeidd av Krokane Bydelsutval , og vert i dag i hovudsak nytta av Krokane Nærtenester. Ved eventuell flytting av Krokane Nærtenester til andre lokaler vil lokala kunne nyttast til skule/SFO-tiltak eventuelt tiltak i bydelsutvalsregi.

Rådmannen vil på dette grunnlag rå til at Flora kommune godkjenner avtale om overdraging av lokaler frå Krokane Bydelsutval. Det bør setjast opp ein oversikt over kva for innventar som følgjer med i overdraginga.

Økonomiske konsekvensar:

Hovudavtale og delavtalar vil så langt ein kan sjå ikkje gje Flora kommune auka nettokostnader.

Prenta/uprenta vedlegg:

1. Framlegg til hovudavtale mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune
2. Framlegg til delavtale 1: Verksemdsoverdraging Krokane Fritidsheim
3. Framlegg til delavtale 2: Overdraging av aksjar i Krokane Nærtenester AS og Sunnfjord drift
4. Framlegg til delavtale 3: Overdraging av lokale i underetasje Krokane skule frå Krokane Bydelsutval til Flora kommune.

028/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR – VAR-SEKTOREN - STATUS

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Statusoppdatering frå KRYSS-revisjon, datert 09.03.12.
- Brev frå kontrollutvalet til KRYSS revisjon om status forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkostberekningar VAR-sektoren – Flora, datert 07.03.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 032/08, 034/08, 038/10 og 043/10.
- Bystyrevedtak 172/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2009 – 2012

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Statusoppdatering for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren» vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR – VAR-SEKTOREN - STATUS

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Status forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren.”

Saksopplysningar:

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 12.11.2008 i sak 032/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 gjorde kontrollutvalet tilråding til bystyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I bystyremøte 09.12.2008 i sak 172/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2009 – 2012 gjorde bystyret vedtak om planen.

I sak 043/10 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tinging” den 18.10.2010 gjorde kontrollutvalet vedtak om tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren». Frist for levering var sett til 01.11.2011.

Kontrollutvalet vedtok i kontrollutvalsmøte 28.02.2012 i sak 016/12 «Oppfølgingsliste 2-2012 Flora» å hente inn status for arbeidet i prosjektet.

07.03.2012 har kontrollutvalet sendt brev til KRYSS revisjon der det vert bede om status for forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Status frå KRYSS revisjon er skriven 09.03.2012. Det vert vist til statusoppdatering frå KRYSS revisjon. Denne ligg ved.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom sekretariat vurderer det slik at rapport for prosjektet vil kunne bli levert 1. halvår 2012.

Flora kontrollutval
Ved SEKOM- sekretariat

Dykkar ref.:
At

Vår ref.:
CL

Arkivkode:
216

Journalnr.:
026/2012

Dokumentdato:
09.03.2012

Statusoppdatering -

Forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Sjølvkostberekningar på VAR – sektoren.

Flora kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:	
Tittel på prosjektet:	<i>Sjølvkostberekningar på VAR- sektoren</i>
Tingar:	Flora kontrollutval, ved SEKOM-sekretariat
Revisjonseining:	KRYSS-Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:	
Arbeidsoppgåver:	Status
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	Utført pr 09.03.2012
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	All informasjon er pr 09.03.2012 innhenta og verifisert.
Førebuing/utarbeiding av skjema for samtale	Utført pr 09.03.2012
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	Alle samtalar og møte med relevante tilsette er gjennomført pr 09.03.2012
Strukturering og bearbeiding av samtalar	Utført på 09.03.2012
rapportskriving	Er framleis i skrivefasen. Manglar om lag 3 til 5 dagar med skrivearbeid på 09.03.2011
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	Ikkje utført pr 09.03.2011.

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skiving av møtereferat og avklaring av tingsdokumentet. Utført.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Utført.
3. Rapportutkastet med høyringsrunde. Ikkje klart pr 09.03.2012. Er heilt i slutfasen av skrivearbeidet.
4. Etterarbeid etter høyringsrunde. Ikkje utført.
5. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet. Ikkje utført.
6. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektutkastet i løpet av veke 11.

Alt etter kva tid vi får attendemelding frå rådmannen på høyringsutkastet vil endeleg rapport verte ekspedert over til kontrollutvalet ved SEKOM sekretariat umiddelbart etter mottak av høyringssvar.

Med helsing



Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning
Tlf: 91333046

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS revisjon

Førde, 07.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 130/12


Arkiv: Flora

STATUS FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - SJØLVKOSTBEREKNINGAR VAR-SEKTOREN - FLORA

Kontrollutvalet i Flora heldt møte 28.02.12. Under sak 016/12 «Oppfølgingsliste 2-2012 Flora» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak om forvaltningsrevisjonsprosjektet som er under arbeid inn mot Flora kommune og som derfor står på oppfølgingslista: *Kontrollutvalet ber om status på forvaltningsrevisjonsprosjektet VAR-sektoren.*

Vi ber om å få framlagt status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren i god tid før neste møte i kontrollutvalet i Flora. Møtet er tidfesta til 27.03.2012.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

029/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.03.2012	029/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 20.03 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje komme med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
043/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar – VAR – Sektoren - Tinging	28.10.10	Frist 01.11. 2011	29.10.10 Bestilling oversendt til KRYSS-revisjon. 14.10.11 Bede KRYSS om status. 14.10.11 Status frå KRYSS-revisjon. 10.11.11 Status frå KRYSS-revisjon. 28.02.12 Kontrollutvalet ber om at det blir purra. 07.03.12 s brev til KRYSS ber om status. 09.03.12 Status frå KRYSS.
056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	30.11.10		30.11.10 Tilråding til bst. 30.11.10 s. bst. 01.12.11 s frsp Flora kommune vedr vedtak i bst. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming. 28.02.12 Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for bst 13.03.12 05.03.12 Saka sendt bystyret på nytt. 06.03.12 Motteke stadfesting datert 02.03 12 om at rapporten vert hs i bst 13.03.12. 13.03.12 Vedtak bst sak 030/12.
Sak 026/11 Revisjonsrapport – Søkelys på indre kontrollrutinar i samband med tildeling av plass, fastsetjing, avrekning og innkreving av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie	25.03.11		25.03.11 Vedtak KU – Godkejnt 01.04.11 Sendt til Bystyret 12.05.11 Brev til kommunen der vi ber om beh. Av saka. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming. 28.02.12 Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for bst 13.03.12 05.03.12 Saka sendt bystyret på nytt. 06.03.12 Motteke stadfesting datert 02.03 12 om at rapporten vert hs i bst 13.03.12. 13.03.12 Vedtak bst sak 028/12.
Sak 027/11 Revisjonsrapport – Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune.	25.03.11		25.03.11 Vedtak KU – Bør godkjennast 01.04.11 Sendt til Bystyret. 12.05.11 Brev til kommunen vi ber om beh av saka. 15.12.11 s brev til Flora kommune m frsp bst si handsaming. 28.02.12 Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for bst 13.03.12 05.03.12 Saka sendt bystyret på nytt. 06.03.12 Motteke stadfesting datert 02.03 12 om at rapporten vert hs i bst 13.03.12. 13.03.12 Vedtak bst sak 029/12.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS.
Sak 08/12 Eventuelt	19.01.12		19.01.12 Nestleiar deltet på FKT-konferansen i Trondheim 6. og 7. 6.2012.
Sak 09/12 Prosjektrekneskap – Sluttrekneskap og sluttrapport	19.01.12		19.01.12 Uttale til bystyret. 13.03.12 Vedtak bst sak 031/12.

prosjekt nr 78606 Asfaltering.			
Sak 10/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU – Ikkje merknader.
Sak 011/12 Skriv og meldingar.	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU: -Vedr SM-16-12: Kontrollutvalet opprettar sak for å be Rådmannen møte i kontrollutvalet for å orientere om skatteoppkrevjarfunksjonen. -Vedr SM-18-12: Kontrollutvalet opprettar sak vedrørende godtgjersle for folkevalde. -Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
Sak 012/12 Orientering v ordførar	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU – Saka utsett.
Sak 013/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande, s bst til orientering. 05.03.12 s. Flora kommune
Sak 014/12 Reglement kontrollutvalet Flora kommune.	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet kjenner til administrasjonen sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet i "Arbeidsutkast for møte og delegeringsreglement". -Sekretariatet for kontrollutvalet, Sekom sekretariat, har også utarbeidd utkast til reglement for kontrollutvalet, som er vedteke i fleire andre kommunar som deltek i samarbeidet om Sekom sekretariat. -Kontrollutvalet ber om at Sekom sekretariat sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet vert innarbeid i "Møte- og delegeringsreglement" for Flora kommune. 05.03.12 s. Flora kommune.
Sak 015/12 Oppsummering seminar om kontroll og tilsyn i offentlig sektor	28.02.12		28.02.12 Saka utsett til OA er levert og ordf har orientert.
Sak 016/12 Oppføgingsliste 2-2012 Flora	28.02.12		28.02.03.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber om at følgjande rapportar vert lagde fram i bystyret 13. mars 2012: -Rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS vart handsama i kontrollutvalet 30.11.2010 i sak 056/10 og sendt Flora kommune same dag. Vi har sendt førespurnad om saka også 01.12.2011. -Rapporten "Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med tildeling av plass, fastsetjing, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie" vart handsama i kontrollutvalet 25.03.2011 i sak 026/11 og sendt Flora kommune 01.04.2011. Vi har sendt førespurnad om bystyret si handsaming 12.05.2011. -Rapporten "Anskaffelsar og prosjektstyring i Flora kommune" vart handsama i kontrollutvalet 25.03.2011 i sak 027/11 og sendt Flora kommune 01.04.2011. Vi har sendt førespurnad om bystyret si handsaming 12.05.2011. Kontrollutvalet ber om ei stadfesting på at dette vert gjort. - Kontrollutvalet ber om status på forvaltningsrevisjonsprosjektet VAR-sektoren. 05.03.12 Brev til Flora kommune om dei tre rapportane. 06.03 Brev datert 02.03.12 frå rm motteke

			13.03.12 Dei tre rapportane hs i bst. 07.03.12 Brev til KRYSS om status FV-prosjekt. 09.03.12 Motteke svar frå KRYSS.
Sak 017/12 Eventuelt	28.02.12		28.02.03 Vedtak KU – Det vert teke om sak om div tilsettingstilhøve.
018/12 Orientering ved råmannen om skatteoppkrevjarfunksjonen	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU – Kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere.
019/12 Godtgjersle for folkevalde	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet viser til brev frå om Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste av 22. januar 2012. - Kontrollutvalet vurderer det slik at dagens reglement i enkelte tilfelle ikkje er godt nok til å fastsetje kva som er rett godtgjersle for tapt arbeidsforteneste. - Kontrollutvalet ber rådmannen om snarast å leggje fram sak om nytt reglement for godtgjersle for folkevalde med klare retningslinjer for dei ulke typar godtgjersle for folkevalde, og at det er mogeleg å kontrollere dei ulike utbetalingane mot reglementet. - Kontrollutvalet tilrår at utbetaling i ikkje kontrollerbare tilhøve inntil vidare vert stansa. 07.03.12 Brev til Flora kommune.
020/12 Oreintering om tilsettingstilhøve. Ikkje offentleg	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU – Rm vert kalla inn for å orientere.
021/12 Kjøp av bustad Ikkje offentleg	02.03.12		02.03.12 Vedtak KU – Teke til vitande
022/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	27.03.12		
023/12 Skriv og meldingar	27.03.12		
024/12 Orientering om strategiar og utfordringar v/ordførar.	27.03.12		
025/12 Orientering om skatteoppkrevjarfunksjonen v/rådmannen.	27.03.12		
026/12 Orientering om tilsettingstilhøve v/rådmannen Ikkje offentleg	27.03.12		
027/12 Vurdering bystyresak 033/12 Hovudavtale og delavtalar mellom Krokane bydelsutval og Flora kommune.	27.03.12		
028/12 Status FV-prosjekt – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	27.03.12		
029/12 Oppfølgingsliste 2-2012 Flora.	27.03.12		
030/12 Eventuelt	27.03.12		

Oppdatert 20.03.12.

030/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.03.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.03.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.